



ODDA KOMMUNE

Det Kongelige Landbruks- og Matdepartementet  
Postboks 8007 Dep

0030 OSLO

| Landbruks- og matdep. |               |
|-----------------------|---------------|
| Saksnr.: 08/216       | Doknr.: - 255 |
| Mottatt: 17 JUN 2008  | ASR/SEB       |
| Saksbehandler: IAA    | Ark.: 479     |
| Kopier:               | Avskr.:       |

Dykkar ref. Arkivsakid-doknr: 2004000375-8 Saksh: Turid Nå  
Journalpostid: 2008007900 Telefon: 53 65 40 70

Arkivkode Dato:  
K2-V63 16.06.2008

**UTK-sak nr. 038/08: Høring: Endring i odelslova, konsesjonslova og jordlova - Reglar om bu- og driveplikt mv.**

Vedlagt følgjer vedtak.

Venleg helsing  
For Arkivet

Turid Nå  
arkivleder

**Eit levande kraftsenter**

Arkivet  
Telefaks: 53 65 40 71  
Opheimsgata 31  
5750 ODDA

Org.nr: 964 967 814  
Bankgiro: 3658.07.50022  
Innbetaling skatt: 7855.05.12288

Telefon: 53 65 40 00  
Telefaks: 53 65 40 51  
Epost: [epost@odda.kommune.no](mailto:epost@odda.kommune.no)

[www.odda.kommune.no](http://www.odda.kommune.no)



ODDA KOMMUNE

Arkiv: K2-V63  
Arkivsak ID: 2004000375-7  
Journalpost ID: 2008004817  
Saksh.: Siv Eilertsen  
Dato: 23.04.2008

| SAKSGANG                   |            |        |          |
|----------------------------|------------|--------|----------|
| Styre, utvalg, komite m.m. | Møtedato   | Saksnr | Saksbeh. |
| Utviklingskomite           | 07.05.2008 | 038/08 | sei52297 |

## Høring: Endring i odelslova, konsesjonslova og jordlova - Reglar om bu- og driveplikt mv.

### Vedlegg:

1 Høyringsbrev frå Landbruks- og matdepartementet, dagsett 05.02.08

Framlagt: Høyringsnotat frå landbruks- og matdepartementet, dagsett 05.02.08

Saka skal sendast ut av: Sekretariatet

Særutskrift skal sendast til: Landbruks- og matdepartementet, postboks 8007 Dep., 0030 Oslo

### Rådmannen sitt framlegg til

#### vedtak:

Utviklingskomiteen i Odda er stort sett nøgde med framlegget til endring i odelslova, konsesjonslova, jordlova mv. Ein syner i den samanheng til høyringsbrevet, dagsett 5.2.2008.

Landbrukseigedomane og store utmarkseigedomar representerer ein viktig ressurs og bør utnyttast betre mange stader for å sikra fast busetnad året rundt.

Utviklingskomiteen er og samde i målet om at det er viktig å hindra omdanning frå landbruk til fritidsbruk.

Utviklingskomiteen har likevel desse merknadane:

Med omsyn til buplikt kan ikkje formell tilknytning til Folkeregisteret vera det einaste kriteriet. Reell busetnad på bruket må leggjast til grunn.

Kommunane må framleis føreta ei prisvurdering i konsesjonssaker. Dette for å kunna vera med å hindra rein eigedomsspekulasjon.

Rådmannen i Odda, 24. april 2008

## 07.05.2008 Utviklingskomite

### Behandling:

Våde @: Til saksutgreiinga / tilråding punkt om : Konesjonsplikt, buplikt og odlingsjord: Grensa skal framleis vera 20 daa. Som idag

### UTK-038/08 Vedtak:

Våde sitt forslag vart vedteke med 6 mot 3 røsyter

Rådmannen sitt forslag vart vedteke mot 1 røyst ( Jondahl (FRP)

### Vedtaket er:

Utviklingskomiteen i Odda er stort sett nøgde med framlegget til endring i odelslova, konsesjonslova, jordlova mv. Ein syner i den samanheng til høyringsbrevet , dagsett 5.2.2008.

Landbrukseigedomane og store utmarkseigedomar representerer ein viktig ressurs og bør utnyttast betre mange stader for å sikra fast busetnad året rundt. Utviklingskomiteen er og samde i målet om at det er viktig å hindra omdanning frå landbruk til fritidsbruk.

Utviklingskomiteen har likevel desse merknadane :

Med omsyn til buplikt kan ikkje formell tilknytning til Folkeregisteret vera det einaste kriteriet. Reell busetnad på bruket må leggjast til grunn.

Kommunane må framleis føreta ei prisvurdering i konsesjonssaker. Dette for å kunna vera med å hindra rein eigedomsspekulasjon.

Konesjonsplikt, buplikt og odlingsjord: Grensa skal framleis vera 20 daa som idag

### Saka gjeld:

Landbruks- og matdepartementet v/politisk leiing har sendt ut forslag til ei rekkje endringar i odelslova, jordlova og konsesjonslova. Forslaget er sendt ut på ei brei høyring der mellom andre kommunane er høyringsinstans. Fristen for å gje uttale er sett til 5. mai 2008.

Av føreslåtte endringar kan ein m.a. dra fram:

- Vedk. konsesjonsplikt, buplikt og odlingsjord vert grensa heva frå 20 da til 25 da dyrka mark.
- Buplikt og odlingsjord skal knytast til produktive arealgrenser (jord og skog). Heilskapsvurdering av eignedomen går bort.
- Buplikt for odelsretthavar som føresetnad for konsesjonsfritak.
- Oppfylling av buplikt kan berre skje gjennom at eigaren er registrert i folkeregisteret som busett på eignedomen. 50 % regelen for butid fell bort.
- Driveplikta skal vera varig for jordbruksareal og ei personleg plikt, men det skal vera rom for å søkja om fritak.
- Konkrete krav for godkjenning av bortleige av jord i høve til personleg buplikt.

Høyringsnotatet frå landbruks- og matdepartementet kan lastast ned her: [Høyringsnotat](#)

### Vurdering:

Reglane i det aktuelle lovverket med tilhøyrande forskrifter er viktige for forvaltning og politisk styring i ein distriktskommune som Odda. Forslaget frå departementet tek sikte på større sikkerheit for søkjarar, betre målretting og forenkling. Dei fleste framlegga gjeld regelverket om bu- og driveplikt, men her vert og føreslege endringar som vedkjem odelsretten, og i regelverket om tilhøve som ein skal vektleggja i handsaminga av konsesjonssaker.

Ein vil mellom anna trekkja fram:

- Ved konsesjonsvurdering skal ein for ettertida særleg leggja vekt på busetnad og kulturlandskap, men òg på heilskapleg ressursforvaltning. Likeeins skal det takast omsyn til eignedomen sin storleik, avkasting og hus-tilhøve. Søkjaren sin livssituasjon og tilknytning til eignedomen skal få redusert merksemd.
- Det er gjerne viktig å leggja vekt på at fylgjande ikkje skal vektleggjast etter ei evt. lovending: *Priskontroll, om eigar er skikka, og om overtakinga (ervert) gjev ei driftsmessig god løysing.*
- I høyringa er det og sett fram spørsmål om det er aktuelt med buplikt for utmarkseigedomar, lokale forskrifter for nedsett konsesjonsgrense mv.

Rådmannen finn det rett å avgrensa høyringssvaret til dei tilhøva som er mest relevante for Odda.

Odda kommune har søkt om å få innføra null-konsesjonsgrense i området "gamle Røldal kommune".

Opp gjennom åra har administrasjonen hatt ein del arbeid med å kontrollera om buplikta vert oppfylt på landbrukseigedomar. Det er såleis positivt at regelverket her vert endra og meir føreseieleg. Ein har likevel ein kommentar til at dette ein-sidede skal leggjast over til Folkeregisteret. I dag er folkeregistra sentraliserte og mykje av lokalkunnskapen er borte. Det er den reelle busetnaden på bruket som må vera det avgjerande og ikkje formell innføring i Folkeregisteret.

Elles er ein positiv til klåre arealgrenser med like omgrep. Det er og bra at odling og buplikt får same arealgrenser, slik rådmannen ser det.

Me kjenner ikkje til store utmarkseigedomar i kommunen som ikkje er knytt opp mot eit gardsbruk, men dersom det blir snakk om ervert av store utmarkseigedomar utan landbruksdrift ser me det som ein føremon at det er buplikt på denne type eignedom.